

Fylkesmannen i Hordaland  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Knarvik, 16. mars 2018

### **Region Nordhordland - prioritering av skjønsmidler 2018**

Me viser til skriv frå Fylkesmannen til kommunane datert 19.12.2017 om skjønsmidler og om krav og retningslinjer for søknadane. Fylkesmannen ønskjer at Regionråda skal ha ein koordinerande og prioriterande rolle i samband med søknad om skjønsmidler, og vil prioritera å støtte interkommunale samarbeidsprosjekt, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har koordinert arbeidet med søknadar i regionen, Regionrådet og Rådmannsutvalet har slutta seg til prioriteringa, og det vert sendt inn åtte konkrete søknader til Fylkesmannen frå våre kommunar.

Me vil her understreka at søknaden om utgreiing av IKT-driftssamarbeid er vel så viktig for andre kommunar i Hordaland enn for Nordhordlandskommunane, og me håpar at ei evt. støtte til dette prosjektet ikkje går ut over skjønsmidler til dei andre prosjekta som er søkt frå Region Nordhordland.

Regionrådet har på førehand drøfta kva prosjekt / tema / område ein ynskjer å søkja om, og at regionen gjennom dette har avgrensa antall søknadar. Regionrådet synest at kommunane / regionen samla sett søkjer om nøkterne og gode prosjekt, og at alle åtte søknadane gjeld særlege område Fylkesmannen ynskjer å prioritera. Me meiner at alle søknadane er viktige for utvikling, fornying og læring i regionen. Fylkesmannen er kjent med fleire av søknadane / prosjekta på førehand.

Generelt sett synest me det er vanskeleg å setja søknadane opp i mot kvarandre og setja prioritært rekkefylgje. Me har derfor stor tillit til at Fylkesmannen også ser prioriteringane i forhold fordeling på dei ulike særlege prioriterte områda og faginndelinga.

Vedlagt fylgjer prioriteringsliste med oversikt. Den enkelte søknad er lagt inn gjennom søknadsskjema på heimesida til fylkesmannen slik det er bedt om.

Med venleg helsing



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg: 2018 Skjønsmidler- prioritering Region Nordhordland